



Religion, kultur og samfunn, opne emne



Kunnskap om religionar og livssyn er viktig i dagens fleirkulturelle samfunn. Studiet gir grunnleggande kunnskap om religionar, livssyn, etikk og filosofi, i tillegg til innsikt i religions- og livssynmangfaldet i Noreg. Det er relevant for mange yrkesgrupper, til dømes innanfor skule-, kultur og helsesektoren.

Studieinnhald

Emna kan takast kvar for seg eller i ulike kombinasjonar. For lærarar som ønskjer å ta 30 studiepoeng, rår ein til emna Religion og livssyn I og II. Desse emna gir innføringskunnskap, medan emna Livstolking i populærkulturen og Religion og samfunn går djupare inn i nokre aktuelle og samfunnsrelevante aspekt. Studiet har følgjande emne: Religion og livssyn I (15 stp) Livstolking og populærkulturen (15 stp) Religion og livssyn II (15 stp) Religion og samfunn (15 stp)

Undervisningsmåtar og vurderingsordningar

Studiet er nettbasert og all undervisning, rettleiing og eksamen vert gjennomført i undervisningsverktøyet Canvas. Undervisninga er organisert i leksjonar, testar, undervisningsfilmar og arbeidskrav. Studenten har sjølv det primære ansvaret for læringsutbyttet gjennom lesing, oppgåveskriving, refleksjon og aktiv deltaking i Canvas. Les meir om vurderingsordningar og eksamen i studie- og emneplanane.

Aktuelle yrke og vidare studium

I kombinasjon med ei lærarutdanning vil studiet kvalifisere for undervisning i KRLE-faget i grunnskulen og i RE-faget i den vidaregåande skulen. Vidareutdanninga er også aktuell for fleire yrkesgrupper som til dømes i helsesektoren, i media og kyrkje- og kulturliv. Emna i studiet gir grunnlag for opptak til Religion, livssyn og etikk (RLE) fordjupingsstudium, og kan innpassast i ulike bachelorgradar ved Høgskulen i Volda.

Studiepoeng / lengd: 60 / Inntil 2 semester (1 år)

Opptakskrav: Generell studiekompetanse

Søknadsfrist: 15. april i Lokalt opptak

Studiestart: Haust Vår

Kontaktperson: For spørsmål om opptak Studentsørvis 70 07 50 18 studentsorvis@hivolda.no